


Skei skule

«Sjå, omfamne og utfordre»



Dagens organisering

Elevtalsutvikling og kapasitetsutnytting



	23/24	28/29	43/44	Endring
Elevtal	144	141	138	-6
Kapasitet	200			
Kapasitetsutnytting	72%	71%	69%	
Ledig kapasitet	56			
Gjennomsnittleg klassestorleik	14,4			
Gruppestørrelse 1.-4. (Norm 15)	12,5			
Gruppestørrelse 5.-7. (Norm 20)	9,8			
Gruppestørrelse 8.-10. (Norm 20)	9,7			
Barn i SFO	45 av 68 som utgjer 66%			


Vedlegg 1

Bemanning

Lærarårsverk	19,1
Leiingsressurs årsverk	1,6
Snittalder	46
Kompetansebehov - kva manglar vi?	Musikk, og miljøarbeidar/sosiallærar.

Økonomi

Rekneskap 2022	kr 19 725 142
Budsjett 2023	kr 19 963 200
Rekneskap 2023	kr 21 370 624
Budsjett 23 utan SFO	kr 19 061 426
Rekneskap 23 utan SFO	kr 20 537 654
Rekneskap 23 utan SFO pr. elev	kr 142 623



Tilbod og utvikling i skulekrinsen

Barnehagar i skulekrinsen	Skei barnehage, Stardalen barnehage og potensielt Åhus barnehage.
Tilknyting til andre tenestetilbod	Skulen har eige symjebasseng som også vert nytta av Vassenden skule. Skei storhall i umiddelbar nærleik. Biblioteket har eigen filial (kombinasjonsbibliotek).
Bustad og næring	Skei har rikeleg med gryteklaare bustadplanar i høve folketalstekst, samt planar for næring i og rundt Skei sentrum. Næringsområdet på Åland kan vere til ulempe for skule, då støy kan på sikt verte skjemmande.

Bygningsmasse

Byggjeår	1958 (Oppgradering 73, 98, 04, 09 og 18)
Areal	4144
Teknisk stand /oppgradering behov	Bygningskropp i ok tilstand. Bygget har stort behov for rehabilitering (tak, vindauge, energisystem og etablering av ventilasjonssystem). Elektriske omnar. Lite energieffektivt bygg der bassenget er oppvarma på rein el. Det er særleg bygget ungdomsskulen disponerer som har behov for renovering.

Andre forhold

Avstand Førde sentrum	44,4 km
Avstand til Vassenden skule	24,9 km
Forhold ved skulevegen	84 elevar nyttar skuleskyss, 8 av dei grunna kommunalt vedtak.
Særeigne forhold ved skulen	Skulen rekrutterer personale frå Gloppen og Sogndal kommune.



Tilbakemeldingar frå foreldre, tilsette og andre interessentar

Det pedagogiske tilbodet

Dette er vi tilfreds med

- Variert og tilpassa undervisning.
- Gode på å integrere alle elevar, med fokus på dei som treng alternativ opplæringsarena.
- Små klassar som gir tett oppfølging og godt forhold til lærarar.
- Høg kompetanse og etterutdanning blant personalet.
- Effektiv bruk av natur og ute-miljø i undervisninga.
- Stor aldersspreiing i kollegiet gir bredde i erfaringar og kunnskap.
- Basseng og andre fysiske fasilitetar som støtter læringsmiljøet.

Forbetningsområder

- Mangel på miljøarbeidar/vernepleiar, nok helsejukepleiarressurs og kompetanse for norsk som andrespråk.
- Brukar til tider ufaglærte ringevikarar.
- Utfordringar knytt til IKT-utstyr og materiell.
- Moglegheit for å samkøyre klassar for å unngå utfordringar ved mindre grupper.

Organisasjonsmessige forhold

Dette er vi tilfreds med

- God oversikt over elevane på grunn av mindre grupper.
- Dyktige pedagogar med eit positivt elevsyn.
- Klassar har nærliek til natur, som styrkar læringsmiljøet og fysisk aktivitet.
- Variert undervisning med høg lærartettleik.

Forbetningsområder

- Behov for auka fokus på og tiltak for å handtere sosiale utfordringar i små grupper.
- Behov for fleire elektriske punkt, betre tilkomst for rullestolbrukarar, og oppdatert IKT-utstyr.
- Forbetningspotensial i fysisk miljø. Det er eldre bygg og därlege toalettfasilitetar.

Skulen i lokalsamfunnet

Dette er vi tilfreds med

- Skulen fungerer som eit sosialt og kulturelt sentrum for lokalsamfunnet.
- Sterkt samarbeid med lokalt næringsliv og bruk av skulen til diverse aktivitetar.
- Skulen bidrar til lokalsamfunnet sin attraktivitet for nye innbyggjarar.

Forbetningsområder

- Skulen kan styrke sitt samspel med lokalsamfunnet gjennom kulturarrangement og samarbeid med ulike organisasjonar.
- Behov for en miljøarbeidar for å etablere tilbod som ungdomsklubb.

Andre innspel

- Vurdere strukturendringar nøye for å minimere negativ påverknad på lokalsamfunnet, og utforske alternative organisasjonsmodellar for å oppretthalde kvaliteten på undervisninga sjølv ved redusert elevtal.



Prosjektgruppas oppsummering

No-situasjonen

Elevtalet på Skei skule er stabilt med små elevkull, som påverkar gruppestørleiken positivt ved å tillate meir individuell oppfølging. Det påverkar derimot gruppestørleiken negativt ved at kostnadsnivået fordelt pr. elev er høgt då ein ikkje får fylt opp klassane.

Skulen nyttar naturen aktivt i undervisninga og har eit variert tilbod som inkluderer eit symjebasseng og idrettshall.

Personalet har høg kompetanse med mange som har tatt etterutdanning, og ein stor del av dei tilsette har bustad i nabokommunane Gloppen og Sogndal.

Foreldre og lærarar vurderer skulen som ein viktig del av lokalsamfunnet, som bidrar til styrking av lokalmiljøet gjennom ulike aktivitetar og arrangement.

Skulen møter utfordringar som manglande miljøarbeidar og for låg helsejukepleiarressurs, samt behovet for forbetingar i IKT-infrastrukturen.

Kva kan dette bety for skulen i framtida

Pedagogisk

- Rekruttering av kvalifisert personell, særleg i små fag, kan bli utfordrande, og skulen kan trenge å fokusere meir på IKT-kompetanse for å utnytte digitale plattformar betre.
- Som på dei fleste skular med 1.-4. steg kan det bli krevjande å få tak i kompetent personell på Skei skule, dersom rekrutteringssituasjonen i Sunnfjord kommune held fram slik utviklinga har vore. Dette har samanheng med at færre tek grunnskulelærarutdanning for 1.-7., som gjer til at det er vanskeleg å hente inn ny kompetanse på området. Dette kjem i tillegg til generell nedgang i tal studentar på lærarutdanningane.

Organisering

- Framtidig organisering av skulen må kanskje tilpasse seg endringar i elevtalet i kommunen samla sett. Dette kan bety justeringar i gruppestørleikar og tilbod, og ein må vurdere korleis ein kan optimalisere bruk av ressursar som helsejukepleiar og PPT.
- Samarbeid med nærliggande skular kan bli aktuelt for å møte utfordringar med små klassar/grupper.

Lokalsamfunn (Struktur)

- Eventuelle endringar må gjerast med omtanke for å minimere negative konsekvensar for busetnad og bumiljø.
- Samarbeid med andre skular kan også vurderast som ei løysing for å handtere sosiale og pedagogiske utfordringar som følge av små klassar.

For utfyllande detaljar sjå innspelet på (Lenke til websak-postlista)

